



HØYDALSMO IL

ÅRSMELDING OG REKENSKAP FOR 2011

Krog



Magnus



Aanund



Eivind



Anders



Torgeir

I tillegg har vi Arne Sigrid og Stian m.fl



VT-cup og stor deltagelse av barn .

**Innkalling til årsmøte i Høydalsmo IL tysdag 17. april kl 19.00
Stad: Høydalsmo samfunnshus**

Sakliste:

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane
3. Velje ordstyrar, referent og 2 til å skrive under protokollen.
4. Årsmelding frå styret og frå gruppene
5. Rekneskap for laget
6. Årsmelding og rekneskap for Huka BA
7. Innkomne saker
 - a. Nye vedtekter for HIL
8. Fastsette medlemskontingenten for 2013
9. Vedtaka laget sitt budsjett for 2013
10. Handsame laget sin organisasjonsplan
10. Val
 - leiar
 - styremedlem ansvarleg for møtebøkar og arkiv
 - Skigruppe*
 - Fotball*
 - Trim*
 - Drift*
 - Kjøkken*
 - 1 revisor
- * dei som er på val i desse gruppene -sjå innstilling frå valkomiteen.
12. 1 medlem i valkomiteen

Vel møtt til årsmøte!

Sverre Bakke

leiar



HØYDALSMO IL

1

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I HIL 2011.

Styrets samansetning:

- Leiar : Sverre Bakke
Nestleiar : Rune Djuve
Kasserar : Gunn Wennersteen
Styremedlem : Bjørg Åse Byggland
Leiar fotball : Olav Aalandslid
Leiar ski : Ketil Kvaale
Leiar Trim : Tarjei Haugo Torgersen
Leiar kjøkkenkom: Margareth Grønlid
Leiar orientering : Ketil Kvaale *

*Ingen har møtt før o-gruppa i styret

Styret har hatt 6 møte og handsama 38 saker.

Medlemstal og kontingentar:

Det er nå 272 betalande medlemmar. Det er ein auka frå 15 frå 2010. Det er ein gledeleg auke. Laget har eit godt system på medlemsregisteret og innkrevjing av kontingent.

Kontingensten i 2011 var kr 400 for familiar, kr 200 for vaksne medlemmar over 19 år og kr 100 for born.

Vi bør ha eit mål om å runde 300 medlemmer. Inntekter medlemskontingent er kr 29.522,-

Antall registrert (medlemstall/aktivitetstall)

Kjønn	Kvinner					Menn					Totaler
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	
Medlemmer	5	10	30	3	79	3	16	33	13	80	272

For HIL medlemmer har laget ei avtale med Sport 1 i Åmot. Her får medlemmene 20 % på butikkpris på ski og fotball og 10 % på alle andre varer. I tillegg vart vi invitert til ein VIP-kveld i Åmot med 30 % på ein del varer. Dette var i november/ desember. Ikkje veldig mange nytta seg av det.

Organisering av laget:

Styret har jobba med å gå gjennom organiseringa av laget. Det er viktig både for arbeidet gjennom året, og rekruttering til ulike funksjonar i laget. Vi trur at rimeleg klåre og avgrensa arbeidsoppgåver rekrutterar lettare tillitsvalde i ulike posisjonar.

Interesse for ulike idrettar vil gjennom år og vera avgjerande for korleis vi organiserer oss.

Økonomi:

Rekneskapet syner eit overskot på kr 102.628. Det er eit flott resultat. (justera for sponsoravtalene til utøvarane).

Viser elles til rekneskapet

Det vart i haust gjort ein stor innsats av medlemmene på dugnader i Eidsborg og Høydalsmo. HIL vaska nybygget på Vest- Telemark museum og Høydalsmo samfunnshus.

Tusen takk til alle som tok mange krafttak!! Ei spesielt takk til Tarjei Haugo Torgersen og Olav Aalandslid som leia arbeidet!!

Sponsorarbeidet er viktig for laget sin økonomi. Her har Rune Djuve gjort ein flott jobb i mange år.

Laget har i 2011 betalt ned det meste av gjelda ein hadde etter bygging av snoanlegg og springløype i Huka.

Vi fekk i 2011 tilskagn om kr 750.000 i tilskot til ny løypemasking frå Tokke kommune. Vi vil rette ein stor takk til kommunen for dette vesentlege bidraget!

Det er styre si vurdering at økonomien til laget er sunn og under god kontroll.

Stønad til topputøvarar:

Ordninga med stønad til topputøvarar vart innført i 2006. Reglane for dette vart gjennomgått i 2009. Denne ordninga vert annonsert kvart år, med søknadsfrist 1. oktober.

Denne ordninga gjeld utøvarar, 17 år og eldre, som driv idrett på eit nivå over gjennomsnittet.

Kriteriet for å få stønad ut over alder er:

a. Utøvarar må:

- *Ha delteke i fleire konkurranse siste året i den greina ein søker*
- *Vist resultatmessig framgang og treningsiver.*
- *Dette må dokumenterast i søknaden.*

Det er viktig for oss å få fram at dei som ikkje når opp, får laget sin vanlege støtte, som også er bra.

I år var det 6 som søkte. Av desse var det 43 som fekk og 2 fekk avslag.

Vår støtte var på kr 34.000,-.

Vi trur dette er ei god ordning til dei, frå laget vårt, som satsar og framleis vel å gå for Høydalsmo IL.

COC.

Vi arrangerte også i år COC i kombinert. Vi hadde avslutningsrennet. Det saman med utbygging av Høydasmo samfunnshus, gjorde at mange fekk ein strid tørn. Heile arrangementet gjekk i Huka. Det var vellukka på alle måtar.

Økonomien i dette arrangementet er heilt avhengig av at laget framleis får god støtte frå Telemark Fylkeskommune og Tokke kommune.

Anlegg:

I 2011 har vi hatt ein del utgifter på anlegg.

- Utviding av 2 km løypa og opprensk på 5 km ved Dauvi. Vidare er det laga ny utgang av skiløype frå stadion bak tida karbu .
- Tida karbu er beisa.
- Ny asfalt framfor garasjen.
- Løypene er slegne med beitepussar

Huka:

Laget har venta på STUI-midlane til sprintløpa. Desse kom i sommar med kr 141.545 frå STUI og kr 135.000 frå Tokke kommune.

Elles har vi hatt ein flaumskade på bekken i Huka. Den var i ferd med å taka vegen opp til dommar tårnet. Vi fekk naturskadeerstatning til denne på om lag kr 24.000 .Kostnaden vart litt over tredve tusen då det kom ein flaum nr. 2.

Snoproduksjonen i Huka fungerar no godt, men det er krevjande å drifta. Arbeidet skjer på natta med kuldegrader og lite vind- helst ingen.

Ny samvirkelov gjer at Huka BA må omorganiserast til Huka SA. Det må gjerast innan 2013.

Leiar i HIL jobbar med å laga ein utviklingsplan for Huka saman med styret i Huka Ba.

Huka treng fleire aktive løparar og ildsjeler. Vi må få med fleire aktørar med for å drifta Huka.

Rekruttering av nye hopparar krev at vi må få på plass 60 m bakken for å gje Huka komplett.

Dette er store utfordringar som styret jobbar tett med Huka BA om.

Vi har som mål å taka ein runde i Vest- Telemark for å samle støtte til Huka som det eine felles hoppanlegget i Vest. Vi vil jobbe mot Vest-Telemark rådet, kommunane og idrettslaga. Vi har eigentleg litt brått om, men ting tek tid.

Idrettsrådet:

Leiaren har vore på 2 møte her. Laget fekk god støtte i rådet for søknaden om midlar til løpemaskin.

Idrettsaktivitet:

Dette året har vore stort sportsleg år for HIL.

Fyrst at Magnus Krog kom på elitelaget i kombinert og deretter vann han det fyrste rennet i WC i Kussamo .

Vidare har vi hatt Aanund Lid Byggland, Eivind R Kvaale og Torgeir Lid Byggland som har gjort flotte prestasjonar.

I fotballen har vi bredda. 96 % av borna er med i fotballen.

Utfordringa vår framover er rekruttering innanfor dei yngre årsklassene på ski. Vi har ingen hopparar i laget og orientering som vi var gode på tidlegare, har bare nokre få deltakarar.

Vi har og andre som representerer laget ut i verden. Ottar Olav Lid er smørar på internasjonalt nivå og Jarle Solbu er FIS- domar i hopp.
Det er veldig flott å ha slike representantar for HIL ute i verden!

Styret vil tilslutt takke alle aktive, løparar, trenarar og medlemmer for godt arbeid i året som har gått!!

Høydalsmo 26. mars 2012



Sverre Bakke
Leiar

Rune Djuve
nestleiar
sign.

Gunn Wennersteen
kasserar
sign.

Bjørg Åse Byggland
Styremedlem
sign.

Olav Aalandslid
leiari fotball
sign.

Ketil Kvaale
leiari ski og orientering
sign.

Tarjei Haugo Torgersen
Leiar trim
sign.

Margareth Grønli
leiari kjøkkengruppe
sign.

Årsmelding for Orienteringsgruppa 2011

Styret:

Ketil Kvaale (leiar), Einar Strand, Oddvar Byggland og Anne Kristin Romberg Kvaale.

Aktivitet:

Ingen treningsløp. Heller ikkje turorientering. Årsaken var manglande initiativ frå leiar og eit utruleg dårlig vær for utandørsaktivitetar (dvs mykje regn).

Deltaking i andre stemne:

Ein 5-6 løparar deltok "utabygds". Her er nokre resultat:

Eivind: Nr 6 i NM-jr ultralang. Deltok også i NM normal og mellomdistanse. Diverre bom.

Einar: Veteranmesterskapet.

Solveig: Veteranmesterskapet

Ketil: Veteranmesterskapet

Planar for 2011:

Treningsløp og turorientering.

Deltaking i andre stemne med så mange løparar som råd.


2015:

Då er det 50 år sidan Høydalsmo IL arrangerte det 1.lopet i den 1. Sørlandsgaloppen på Tollehommen.

Truleg skal VM-jr arrangerast på Rauland dette året i kombinasjon med Sørlandsgaloppen.

Eit løp kan bli lagt til Høydalsmo viss laget ynskjer å ta på seg dette.

For O-gruppa



Høydalsmo IL Skigruppa

Årsmelding for perioden 1.mai 2011 til 31.12.2011.

Gruppas samansetning:

Ketil Kvaale (leiar), Mikkel Vadder (nestleiar), Ottar Olav Lid, Olav Rosland og Tor Anders Solberg.

Gruppa har hatt 2 møter og elles halde kontakten pr tlf.

Fellestreningar:

Langrenn har hatt barmarkstrening frå skulestart og til snøen kom i slutten av november.

Deretter trening på snø. Kvar tysdag og torsdag for dei eldste og kvar tysdag for dei yngste. Asbjørn og Ottar Olav har hatt ansvaret for dei eldste, der fellestreningane stort sett har vore ulike typer intervalltrening kombinert med styrketrening på salen etter at samfunnshuset gjenopna. (Asbjørn sa frå seg treninga fyri jol og då steppa Mikkel inn).

Gunnar Ofte med fleire tok seg av dei yngste på tysdagane.

Deltakinga har vore om lag som året før, dverre har me heller ikkje i år fått med oss dei "eldre" jentene.

I tillegg har idrettslaget hatt tilbod på måndag (Sten Rune Sannerholt), for dei minste på onsdagar (Mona Kaldråstøyl m.fl.) og volleyball på fredag (Brubakk/Wennersteen).

Skigruppa arrangerte eit førebuande møte for å dra dette i gang, men har ikkje hatt det direkte ansvaret for desse aktivitetane.

Arrangement:

Ingen arrangement i denne perioden.

Skiboka

Turane i november og desember kjem vert teke med i årsmeldinga for 2012.

Anlegg:

På løypemaskina vart det skifta ein hydraulikkventil og varmeapparatmotor. Maskina har fungert bra etter dette, med unntak av ein därleg kontakt som skapte problem med styringa av vinkelen på fresen nokre dagar. Oddbjørn og Sigbjørn har ordna det meste.

Målbrakka er beisa i sommar (kommunal sommarhjelp). Innvendige plater er innkjøpt, men dugnadsjobben med dette står att å gjera. Brakka fungerar veldig bra. Utfordringa er flaumvasstanden i Oftevatn. Enten må brakka hevast eller så må utløpet i vatnet gjerast breiare.

Snoanlegget i Huka har fungert i år. Både bakke og løype vart snolagt og teke i bruk. Kjempeinnsats av Tor Anders og hans hjelparar. Natursno kom straks etter og løypene nede i sentrum vart preparert.,

Sportslege resultat:

Laget har ivrige utøvarar og mange gode resultat er oppnådd. Ikkje minst har det vore gledeleg å registrere framgang for mange av løparane, det viser at treninga har vore god både i kvantitet og kvalitet. Her er nokre av resultata (15 år og eldre):

Magnus (25)

På A-landslaget frå sommaren 2011. Tok sin første WC-seier 25.11.11 i Kuusamo. Ein stor dag for han og for idrettslaget! Fleire gode resultat før nyttår.

Ånund (22)

Bra sommarsesong og gode resultat før jol..

Rulleski:

Blinkfestivalen: Nr 3 i internasjonalt topp-heat.

Bulsprinten: Nr 2.

Anders (19)

Ingen registrerte resultat i perioden.

Arne (19)

Ute pga sjukdom. I forsiktig trening fram mot jol.

Eivind (18)

Rulleski: Nr 3 i Lysebotn opp (H 17-18).

Nr 1 i Hovdenrennet (klassisk)

Nr 1 og 6 i Konnerudrennet (fristil og klassisk).

Nr 1 i Røldalsrennet (klassisk).

Lars Eilev (18)

Nr 3 i Røldalsrennet

Sigrid (18)

Nr 5 i Hovdenrennet

Torgeir (16)

Nr 4 på Hovden og nr 1 på Konnerud (fristil).

Stian (16)

Nr 11 på Hovden, Nr 8 på Konnerud og Nr 1 i Røldal.

Halvor (15)

Nr 9 på Hovden og nr 35 på Konnerud.

Representasjonsoppgåver**Bjørg Åse Byggland**

Styremedlem i Skikretsen..

Ottar Olav Lid

Vore smørar for Skiforbundet på COC-renn i kombinert.

Jarle Solbu

Hoppdommar med internasjonale oppgåver.

Det er positivt (og viktig) at laget også "viser seg fram" på slike "arenaer"!

Til slutt ein takk til alle som har vore med "å drege lasset" for skiaktiviteten i løpet av vinteren.

For Skigruppa.

Ketil Kyaale





HIL - Fotball

ÅRSMELDING HØYDALSMO IL – FOTBALL 2011

Det har og i år vore høg deltaking i fotballen i Høydalsmo. Det er registrert 70 spelarar i idrettsregistreinga. Dette er svært bra!

Desse har sitte i styret:

Olav Aalandslid, leiar

Reidun Lofthus, sekretær

Nils T. Erikstad, medlem

Anne Berit Kilen, medlem

Vi har hatt 4 kombinerte styremøte/førebuande møte til cupar ol. Det er behandla 12 saker.

Vi har arrangert Vest Telemark Cup for 29. gong dette året, i 2012 blir det altså stort jubileum. Å klare å arrangere ein slik Cup kontinuerleg er ikkje mindre enn ein bragd! Vi hadde svært mange gode sponsorar til Cupen vår. Vi må nemne at Telemark Birluter sponsrar oss med kr. 20.000,- pr år i tre år framover. Stor takk til dei!!

Då J12 laget valde å ikkje reise til Norway Cup, pga 22. juli terroren, gjekk faktisk Fotballgruppa med eit overskot internt på nesten 10.000,-. Vi hadde godkjenning for å bruke opptil 50.000,- av felleskassa... Vi har bra med utstyr, ballar og drakter er OK. 4 mål i Lårdal har fått nye nett og nå er det måla i H.mo sin tur til å få nye(behov på 4 av 8 mål).

Vi fekk overta eit relativt stort konkursbu etter ein sportsbutikk på Vestlandet gratis. Artiklane herifrå brukar vi som premiar på avslutninga vår i tillegg til grillmat, brus og vaflar. Det var stor deltaking på avslutninga, veret var på vår side og alle blei fornøgde når dei fekk ball og 2-3 sokkepar kvar(inkl dei minste som bare hadde trenat/hatt

aktivitet dette året). Utflytta Lårdøl Heidi Straume var den som sette oss i kontakt med konkursbuet, takk til ho òg!

Samtlege lagleiarar og trenerar + Thor Arne Heggtveit og Margareth Grønlid fekk kvar si fleecejakke med HIL emblem på som takk for innsatsen.

Vi har deltatt på møter arrangert av Kretsen både i Høydalsmo, Seljord og Skien. Ingen har tatt lagleiar-/trenar- eller dommarkurs. Vi har nytta dei eldste gutane som dommarar for dei minste, men det er likevel Thor Arne Heggtveit som har dømt flest kampar. Utan tvil ein god mann for fotballgruppa!

Fotballgruppa stod for gjennomføring av dugnaden med nedvasking av det "nye" Samfunnshuset vårt hausten 11, dette var ein jobb vi fekk kr. 40.000,- for til HIL. Det blei utført mange timer med vask og ein skulle vel sett at vi hadde fått noko meir for jobben... Skorve Entreprenør AS var oppdragsgjevar.

Vi hadde fylgjande lag med i seriesystemet i år:

Jenter 8 år; stilte ikkje lag i serien, men hadde svært mykje moro med fotballtrening gjennom året v/Mona Kaldråstøy

Gutar 8 år; trenar Sten Rune Sannerholt og lagleiar Mette Lillegård

Gutar 10 år; Gunnar Ofte var både trenar og lagleiar, assistent var Nils T. Erikstad

Jenter 12 år; trenar Sten Rune og lagleiar Kirsti Sandland

Gutar 14; 2 lag. Olav Aalandslid har vore trenar for begge medan Bjørn Tore Mandt var lagleiar for lag 2 og Reidun Lofthus lagleiar for lag 1.

Jenter 16; Kjell Arne Neverdalen var trenar og Reidun Lofthus var lagleiar.

Vi har hatt nokre få treningar inne i hallen på Dalen(J12 og J16) ellers har vi trena i Lårdal om våren og i Høydalsmo resten av året. Resultata har vel vore som forventa, grei blanding mellom tap og seierar. G14-2 hadde ein særsla sesong og kniva med Kviteseid om toplassen på tabellen. Den siste kampen i haust var mot Kviteseid, i flaumljos og flott kunstgrasbane, den endte 4-4 og medførte 2. plass. Vi hadde med ein overårig slik vi ikkje kunne blitt kretsmeister uansett, men likevel ein svært god prestasjon!

J12 laget vann alle kampane bortsett frå ein uavgjort mot Åmdal/Tokke – Flott!

J16 hadde og ein god sesong, vann mange kampar og spela seg finalen i Seljord Cupen.

Vi har deltatt i fylgjande cupar:

Vår Cupen i Kviteseid Gutar og jenter 14-16 år.

Vinje Cup for dei opp til og med 10 år.

Vår eigen VT Cup for 11 og 12 åringane.

Seljord Cup for 13-16 åringane.

Fossum Cup i Skien J16

Litt meir om VT Cupen 22. august. Dette var på dagen ein månad etter terrorhandlingane i Oslo/Utøya og vi markerte dette med eit minuttstilhet samt at Muikklærar Johnny Johansen spelte "til ungdommen" av Nordahl Grieg. Flagga hang på halv stong hjå oss som i resten av Norge. Det blei ei særskilt gripande og fin minnemarkering.



Høydalsmo 31. januar 2011

Olav Aalandslid



ÅRSMELDING FOR KJØKENGRUPPA HIL 2012

Desse har vore med i kjøkengruppa:

Margareth Grønlid og Ellen Ofte Jakobsen har dela på leiaransvaret. Dei andre har vore Randi Skarprud, Kirsten Austjore, Maija Jomafjell, Anne Jupskås, Ingebjørg Ofte, Gunvor Byggland og Tove Kvaale.

Arrangement me har vore med på:

10.–12. mars 2011: COC 2011, avslutningsrenn. Alt gjekk føre seg i telt i Huka:

Lunsj-severing, kiosk, avslutningsfest med grillmat (laurdag kveld).

Telemark – Vestfold Cup og Høydalsmolåmi avlyst på grunn av snomangel.

Skiavslutning avlyst fordi Samfunnshuset var stengt på grunn av oppussing.

4. mai 2011: Årsmøte, servering

21. august 2011: Vest-Telemark Cup i fotball, kiosksal

24. september 2011: Fotballavslutning med grilling og kaffe & kaker

29. desember 2011: KM hopp i Huka, kiosksal.

**Stor takk til alle som har hjelpt til
i kjøkengruppa**

Margareth Grønlid – leiar
Ellen Ofte Jakobsen – skrivar

HØYDALSMO I.L.

10.04.2012

RESULTAT, 2011

DRIFTSINNTEKTER

Medlemskontingentar	29552
Sponsorar	381600
COC-2012	465710
Kiosksalg	13630
Dugnad, Dyrsku'n m.v.	155547
Offentlege tilskot	126964
Grasrotandelen	38453
Kompensasjon- MVA	32390
Gåver	28000
Startkontingent egne stevne	11550
Andre driftsinnt.-frie	29574
 Sum driftsinntekter	1312970
 Kostnader - gruppene	
Styret - inkl. utøvarane	285410
COC - 2011	377171
Skigruppa	95092
Fotballgruppa	64914
Anleggsgruppa	186967
Orientering	7945
Trimgruppa	21594
Utøvarstøtte	34000
 SUM driftskostnader	1073093
 Driftsresultat	239877
 Finansresultat	-26991
 ÅRETS RESULTAT	212886

Balanselisterapport

Regnskapsperiode:

31.12.2011

Dato:

9. mars 2012

Side 1 av 2

		I år	Budsjet	I fjor	IB
1110	Klubbhus/Kårsteinhuset	129 886		129 886	129 886
1111	Ned/Avskriving Kårsteinhuset	-129 886		-129 886	-129 886
1120	Garasje	714 324		714 324	714 324
1121	Ned/Avskriving Garasje	-714 324		-714 324	-714 324
1122	Målbrakke	162 770		162 770	162 770
1123	av-, nedskriving målbrakke	-138 000		-138 000	-138 000
1130	Lysloypa	207 492		207 492	207 492
1131	Ned/Avskriving Lysloype	-207 492		-207 492	-207 492
1132	Huka Hopp K60	17 530		17 530	17 530
1133	Sandvolleyballbane	82 752		82 752	82 752
1134	Ned-/ Avskriving Sandvolleybal	-60 000		-60 000	-60 000
1135	Snoanlegg	2 132 232		2 132 232	2 132 232
1136	Av- nedskriving snoanlegg	-1 900 000		-1 900 000	-1 900 000
1137	Lysløype Huka	313 281		278 344	278 344
1138	Av - og nedskriving Lysløype H	-277 000			
080-1	BYGNINGER	333 567		575 630	575 630
1200	Prep. Maskin	279 000		279 000	279 000
1201	Ned/Avskriving Prep.maskin	-184 789		-184 789	-184 789
1202	Løypemaskin Leitner LH 500 200	483 000		483 000	483 000
1203	Ned/Avskriving løypemaskin	-300 000		-300 000	-300 000
1204	Sporsetter	271 688		271 688	271 688
1205	Ned/Avskriving Sporsetter	-270 000		-270 000	-270 000
1290	Orienteringskart	61 930		61 930	61 930
1291	Ned/Avskriving O-Kart	-61 930		-61 930	-61 930
090-1	MASKINER,INVENTAR M.M.	278 898		278 898	278 898
199-2	SUM ANLEGGSMIDLER	612 466		854 528	854 528
1350	Andelar Huka Hopdrift	35 000		35 000	35 000
1351	Radiobingo	7 500		7 500	7 500
200-1	AKSJER/VERDIPAPIRER	42 500		42 500	42 500
215-2	SUM FINANSIELLE ANL.M.	42 500		42 500	42 500
1500	Kundefordringer	62 500			
250-1	KUNDEFORDRINGER	62 500			
1570	Andre kortsiktige fordringer	14 312		14 541	14 541
1571	Krav Skigruppa	11 145		43 140	43 140
260-1	ANDRE FORDRINGER	25 457		57 681	57 681
1740	Andre forskuddsbetalte kostn.	1 970			
266-1	FORSK.BET KOST/PÅL.INNT	1 970			
275-2	SUM KORTSIKTIGE FORDR.	89 927		57 681	57 681
1820	Andre aksjer	5 000		5 000	5 000
290-1	AKSJER/VERDIPAPIRER	5 000		5 000	5 000
300-2	SUM INVESTERINGER	5 000		5 000	5 000
1900	Kontanter	830			
350-1	KONTANTER	830			
1920	2685.07.02763	156 699		12 544	12 544
1922	2685.55.00891	391 281		286 690	286 690
1923	0535.1856574	53 076		28 615	28 615
1924	1604.14.86116 M.Krog	46 083		13 851	13 851
1925	1201.14.86191 Ånund B. Lid	94 814		57 068	57 068
1928	1503.16.90401 Arne Moen Lid	27 554		25 011	25 011

TOTALT

Hoydalsmo Idrettslag

Resultatrapport

Regnskapsperiode: - 11.12

Klient: 126

Dato: 9. mars 2012

Side 1 av 3

Linje Tekst -nivå	Denne periode Beløp	Budsjett Beløp	Hittil i år Beløp	Budsjett hittil Beløp	Hittil ifjor Beløp
	%	%	%	%	%
3020 Sponsorinntekter, avg.pl.	427 600,00		427 600,00		322 355,00
3190 motkonto avg.pl. sal/sponsorer forhåndst	0,00		0,00		0,00
3961 Kiosksalg	19 340,00		19 340,00		48 433,00
301-1 SALGSINNTEKTER	446 940,00	100	446 940,00	100	370 788,00
3400 Offentlig tilskot	169 000,00		169 000,00		156 000,00
330-1 OFF.TILSKUDD/REFUSJONER	169 000,00	37,8	169 000,00	37,8	156 000,00
3441 Tilskot Idrettsorg.	371 964,00		371 964,00		321 179,00
3442 Gaver motatt	28 000,00		28 000,00		25 000,00
3443 Grasrotandelen Norsk Tipping	38 453,01		38 453,01		39 565,04
3910 Annen driftsrelatert innt. fri	29 574,00		29 574,00		1 194,00
3920 Medlemskontingent	29 552,00		29 552,00		30 110,00
3930 Licenser Egenandel	0,00		0,00		200,00
3940 Momskompensasjon	32 390,00		32 390,00		26 085,00
3960 Div. Dugnadsinntekter/Loddsalg	155 547,00		155 547,00		27 445,00
3970 Egenandel andre stevne	0,00		0,00		0,00
3975 Eigendeler - utstyr fra klubben	0,00		0,00		540,00
3980 Startkontingent egne stevne	11 550,00		11 550,00		69 715,00
3990 Inntekter Parkering	0,00		0,00		11 660,00
390-1 ANDRE DRIFTSINNTEKTER	697 030,01	156	697 030,01	156	552 693,04
399-2 SUM DRIFTSINNTEKTER	1 312 970,01	293,8	1 312 970,01	293,8	1 079 481,04
4300 Innkjøp av varer for videresal	-18 933,52		-18 933,52		-2 700,00
7300 Salgskostnad	-207,00		-207,00		-36 672,42
430-1 VAREKJØP HANDELSVARER	-19 140,52	4,3	-19 140,52	4,3	-39 372,42
498-2 SUM VAREKOSTNADER	-19 140,52	4,3	-19 140,52	4,3	-39 372,42
499-3 DEKNINGSBIDRAG I	1 293 829,49	289,5	1 293 829,49	289,5	1 040 108,62
5000 Lønn til ansatte	0,00		0,00		0,00
5010 Lønn trakkemaskin	0,00		0,00		0,00
530-1 LØNN OG GODTGJØRELSER	0,00		0,00		0,00
598-2 SUM PERSONALKOSTNADER	0,00		0,00		0,00
599-4 DEKNINGSBIDRAG II	1 293 829,49	289,5	1 293 829,49	289,5	1 040 108,62
6300 Leie lokale	0,00		0,00		-10 500,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	-7 378,06		-7 378,06		-6 923,47
6340 Lys	-54 263,67		-54 263,67		-46 364,09
660-1 KOSTNADER LOKALER	-61 641,73	13,8	-61 641,73	13,8	-63 787,56
6410 Broyting m.v.	0,00		0,00		-4 298,22
6430 Leige av buss	-13 331,85		-13 331,85		-17 365,52
6431 Leige bil	-32 500,00		-32 500,00		-39 156,00
6440 Loypeleige	-9 100,00		-9 100,00		-9 100,00
6450 Leige diverse utstyr	-37 271,27		-37 271,27		-4 500,00
670-1 LEIE MASKINER, INVENTAR	-92 203,12	20,6	-92 203,12	20,6	-74 419,74
6540 Inventar/Anlegg	0,00		0,00		-457,52
6550 Utstyr	-71 100,80		-71 100,80		-78 502,25
6575 Skismoring	-5 000,00		-5 000,00		-5 000,00
680-1 DRIFTSMATERIALER	-76 100,80	17	-76 100,80	17	-83 959,77
6600 Rep. og vedl. hold anlegg	-107 409,34		-107 409,34		0,00
6620 Reparasjon og vedlikeh. utstyr	0,00		0,00		-754,58
690-1 REPARASJ.OG VEDLIKEHOLD	-107 409,34	24	-107 409,34	24	-754,58
6700 Honorar rekneskap	-17 042,36		-17 042,36		-23 019,36
6725 Honorar jur. bistand fradr.ber	410,23		410,23		-9 562,50
6790 Dommarutg. m.m.	-91 507,20		-91 507,20		-67 953,34

Byrå: Dalen Rekneskap

Resultatrapport

Regnskapsperiode: - 11.12

Klient: 126

Dato: 9. mars 2012

Side 2 av 3

Linje Tekst -nivå	Denne periode Beløp	%	Budsjett Beløp	%	Hittil i år Beløp	%	Budsjett hittil Beløp	%	Hittil ifjor Beløp	%
700-1 FREMMEDE TJENESTER	-108 139,33	24,2			-108 139,33	24,2			-100 535,20	27,1
6800 Kontorekvista	-2 061,28				-2 061,28				-3 226,52	
6810 Kopiering/trykking	0,00				0,00				0,00	
6835 FIS Kalenderavgift	-1 560,00				-1 560,00				-1 500,00	
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.	0,00				0,00				0,00	
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	-6 696,92				-6 696,92				-5 302,66	
6890 Annen kontorkostnad	-3 372,63				-3 372,63				-2 284,93	
710-1 KONTORREKVISTA MV.	-13 690,83	3,1			-13 690,83	3,1			-12 314,11	3,3
6900 Telefon	0,00				0,00				-164,00	
6940 Porto	-1 562,01				-1 562,01				-1 193,18	
720-1 TELEFON OG PORTO MV.	-1 562,01	0,3			-1 562,01	0,3			-1 357,18	0,4
7000 Drivstoff Transportmidler	-12 917,78				-12 917,78				-24 888,55	
7001 Driftskostnader biler	-16 672,13				-16 672,13				-6 000,00	
7020 Vedlikehold	0,00				0,00				-58 465,97	
7040 Forsikring Transportmidler	-6 558,00				-6 558,00				-8 598,00	
7090 Utgifter Loypermaskin	-36 633,50				-36 633,50				-13 086,65	
730-1 BILKOSTNADER	-72 781,41	16,3			-72 781,41	16,3			-111 039,17	29,9
7100 Bilgodtgjørelse,	-39 514,50				-39 514,50				-54 971,00	
7133 Servering funksjonærer	-11 185,94				-11 185,94				-7 733,32	
7135 Reise /ophold aktive/trenere	-203 898,00				-203 898,00				-113 639,79	
7140 Reisekostnad, ikke oppgaveplik	-1 459,00				-1 459,00				-11 700,00	
740-1 REISE- OG DIETTKOSTNADER	-256 057,44	57,3			-256 057,44	57,3			-188 044,11	50,7
7320 Reklamekostnad	-17 363,94				-17 363,94				-19 078,16	
770-1 REKLAME, REPRESENTASJON	-17 363,94	3,9			-17 363,94	3,9			-19 078,16	5,1
5090 Premiering/ pengepremier	-18 012,20				-18 012,20				-17 126,22	
7410 Medlemskontingenter	-9 200,00				-9 200,00				-3 860,00	
7420 Gave/Premier	-31 644,40				-31 644,40				-59 817,26	
7421 Støtte til utøvere	-34 000,00				-34 000,00				-33 000,00	
7451 Eng.lisenser/geb.,spiller	0,00				0,00				-200,00	
780-1 KONTINGENTER OG GAVER	-92 856,60	20,8			-92 856,60	20,8			-114 003,48	30,7
7510 Forsikring anlegg	-7 887,00				-7 887,00				-4 782,00	
790-1 FORSIKRING OG GARANTIER	-7 887,00	1,8			-7 887,00	1,8			-4 782,00	1,3
7453 Deltakeravg./påmeld.avg.	-22 498,00				-22 498,00				-101 239,00	
7465 Kurs og idrettsskule	0,00				0,00				-2 500,00	
7470 Startkont. andre stevne	-33 672,65				-33 672,65				-30 066,00	
7721 utgifter utøvere refundert	-89 418,00				-89 418,00				0,00	
7770 Bank- og kortgebyr	32,00				32,00				0,00	
7790 Annen kostnad, fradr.ber	-141,58				-141,58				-38 348,02	
7791 ikke godkjennl mva fradrag 2009	0,00				0,00				-57 900,00	
8170 and.finanskost/gebyr	-561,00				-561,00				-860,77	
810-1 ANDRE DRIFTSKOSTNADER	-146 259,23	32,7			-146 259,23	32,7			-230 913,79	62,3
890-2 SUM ANDRE KOSTNADER	-1 053 952,78	235,8			-1 053 952,78	235,8			-1 004 988,85	271
900-5 DRIFTSRESULTAT	239 876,71	53,7			239 876,71	53,7			35 119,77	9,5
8040 Renteinntekter	4 897,44				4 897,44				5 405,90	
910-1 FINANSINNTEKTER	4 897,44	1,1			4 897,44	1,1			5 405,90	1,5
8140 Rentekostnader	-31 542,94				-31 542,94				-77 250,03	
8150 Annen rentekostnad	-345,21				-345,21				0,00	
920-1 FINANSKOSTNADER	-31 888,15	7,1			-31 888,15	7,1			-77 250,03	20,8
930-2 FINANSRESULTAT	-26 990,71	6			-26 990,71	6			-71 844,13	19,4
933-6 ORDINÆRT RESULTAT F.SK.	212 886,00	47,6			212 886,00	47,6			-36 724,36	9,9
980-7 OVERSKUDD/UNDERSKUDD	212 886,00	47,6			212 886,00	47,6			-36 724,36	9,9

Byrå: Dalen Rekneskap

TOTALT

Hoydalsmo Idrettslag

Klient: 126

Resultatrapport

Regnskapsperiode: - 11.12

2011

Dato: 9. mars 2012

Side 3 av 3
2010

Linje Tekst -nivå	Denne periode Beløp %	Budsjett Beløp %	Hittil i år Beløp %	Budsjett hittil Beløp %	Hittil ifjor Beløp %
8999 Oppgjørskonto resultat	0,00	+ 212.886,- 0,00			36 724,36
985-1 DISPONERINGER	0,00		0,00		36 724,36 9,9
998-7 SUM DISPONERINGER	0,00		0,00		36 724,36 9,9

KORRIGERING

- UTOVERANNE :

÷ 110257,39

÷ 133231,19

Korrigerer

RESULTAT :

+ 102628,61

÷ 50287,55

Elles:

STYRET (avd. 10) + 275825,- + 89.532,-

COC (avd. 15) + 88 539,- + 147 517,-

Skianlegg (avd 21) ÷ 112 529,- ÷ 103 317,-

Skigruppa (avd 20) ÷ 92 162,- ÷ 38 737,-

Fotballgruppa (avd 40-41) + 9086,- ÷ 57 271,-

Balanselisterapport

Regnskapsperiode:

31.12.2011

Dato:

9. mars 2012

126 Hoydalsmo Idrettslag

Side 1 av 2

		I år	Budsjett	I fjor	IB
1110	Klubbhus/Kårsteinhuset	129 886		129 886	129 886
1111	Ned/Avskriving Kårsteinhuset	-129 886		-129 886	-129 886
1120	Garasje	714 324		714 324	714 324
1121	Ned/Avskriving Garasje	-714 324		-714 324	-714 324
1122	Målbrakke	162 770		162 770	162 770
1123	av-, nedskriving målbrakke	-138 000		-138 000	-138 000
1130	Lysloypa	207 492		207 492	207 492
1131	Ned/Avskriving Lysloype	-207 492		-207 492	-207 492
1132	Huka Hopp K60	17 530		17 530	17 530
1133	Sandvolleyballbane	82 752		82 752	82 752
1134	Ned-/ Avskriving Sandvolleybal	-60 000		-60 000	-60 000
1135	Snoanlegg	2 132 232		2 132 232	2 132 232
1136	Av- nedskriving snoanlegg	-1 900 000		-1 900 000	-1 900 000
1137	Lysløype Huka	313 281		278 344	278 344
1138	Av - og nedskriving Lysløype H	-277 000			
080-1	BYGNINGER	333 567		575 630	575 630
1200	Prep. Maskin	279 000		279 000	279 000
1201	Ned/Avskriving Prep.maskin	-184 789		-184 789	-184 789
1202	Løypemaskin Leitner LH 500 200	483 000		483 000	483 000
1203	Ned/Avskriving løypemaskin	-300 000		-300 000	-300 000
1204	Sporsetter	271 688		271 688	271 688
1205	Ned/Avskriving Sporsetter	-270 000		-270 000	-270 000
1290	Orienteringskart	61 930		61 930	61 930
1291	Ned/Avskriving O-Kart	-61 930		-61 930	-61 930
090-1	MASKINER,INVENTAR M.M.	278 898		278 898	278 898
199-2	SUM ANLEGGSMIDLER	612 466		854 528	854 528
1350	Andelar Huka Hoppdrift	35 000		35 000	35 000
1351	Radiobingo	7 500		7 500	7 500
200-1	AKSJER/VERDIPAPIRER	42 500		42 500	42 500
215-2	SUM FINANSIELLE ANL.M.	42 500		42 500	42 500
1500	Kundefordringer	62 500			
250-1	KUNDEFORDRINGER	62 500			
1570	Andre kortsiktige fordringer	14 312		14 541	14 541
1571	Krav Skigruppa	11 145		43 140	43 140
260-1	ANDRE FORDRINGER	25 457		57 681	57 681
1740	Andre forskuddsbetalte kostn.	1 970			
266-1	FORSK.BET KOST/PÅL.INNT	1 970			
275-2	SUM KORTSIKTIGE FORDR.	89 927		57 681	57 681
1820	Andre aksjer	5 000		5 000	5 000
290-1	AKSJER/VERDIPAPIRER	5 000		5 000	5 000
300-2	SUM INVESTERINGER	5 000		5 000	5 000
1900	Kontanter	830			
350-1	KONTANTER	830			
1920	2685.07.02763	156 699		12 544	12 544
1922	2685.55.00891	391 281		286 690	286 690
1923	0535.1856574	53 076		28 615	28 615
1924	1604.14.86116 M.Krog	46 083		13 851	13 851
1925	1201.14.86191 Ånund B. Lid	94 814		57 068	57 068
1928	1503.16.90401 Arne Moen Lid	27 554		25 011	25 011

Høydalsmo IL

Høydalsmo, 10.4.2012

RESULTAT - 2011

HØYDALSMO IL

Gruppe/ komite	Inntekter	Kostnader	Ansvar
Styret inkl. klubbhuset og utøverane	kr 694 352,00	kr -346 401,00	Styret v/leiar
COC - 2011	kr 465 710,00	kr -377 171,00	COC-komiteen
Skigruppa	kr 2 930,00	kr -95 092,00	Skigruppa v/leiar
Skianlegg	kr 74 438,00	kr -186 967,00	Skigruppa
O-gruppa	kr -	kr -7 945,00	O-gruppa v/leiar
Fotballgruppa	kr 74 000,00	kr -64 914,00	Fotballgruppa v/leiar
Trim	kr 1 540,00	kr -21 594,00	Trimgruppa v/leiar

Nettoresultat

SUM	kr 1 312 970,00	kr -1 100 084,00	kr 212 886,00
-----	-----------------	------------------	---------------

Utøvarresultat 2011 ! kr 110 257,00

Korrigera driftsresultat - styret og gruppene kr 102 629,00



HØYDALSMO IL

VEDTEKTER

(Vedteken av Idrettsstyret 28. november 2011)

**Lov for Høydalsmo Idrettslag¹, skipa 1921, godkjend av Telemarkidrettskrets
..... (dato/år).**

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

(1) Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

(2) Arbeidet skal pregast av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

(1) Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemer.²

(2) Idrettslaget er medlem av det/dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer.³

(3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Telemark idrettskrets, hører heime i Tokke kommune, og er medlem av Tokke idrettsråd⁴.

¹ Idrettslaget sitt namn må vere i samsvar med NIF si forskrift om namn på idrettslag.

² Personlege medlemer betyr at idrettslaget ikkje kan operere med andre typar medlemskap, som til dømes familiemedlemskap og firmamedlemskap. At idrettslaget har ei ordning for familiekontingent er å sjå på som ei rabattordning, og har ikkje noko med sjølve medlemskapen å gjøre. Medlemer skal difor registrerast enkeltvis.

³ Idrettslaget må vere medlem i det/dei særforbund som laget sine idrettsgreiner omfattar, med mindre laget berre driv mosjonsidrett som ikkje er organisert av eit særforbund i NIF, jf. NIF-lova § 10-1. Dette skal kome fram av idrettslaget sin organisasjonsplan. Det er årsmøtet i idrettslaget som vedtek kva for idrettar idrettslaget skal organisere, og vedtek innmelding/utmelding i aktuelle særforbund.

⁴ Idrettslag kan berre vere medlem av eitt idrettsråd. Dersom idrettslaget sitt naturlege område strekkjer seg over meir enn ein kommune, avgjer idrettslaget sitt årsmøte ved vedtak om lovendring kva for idrettsråd det hører til.

(4) Idrettslaget skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF-lova gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemer

(1) Alle som aksepterer idrettslaget og overordna organisasjonsledd sine lover og vedtak kan bli tatt opp som medlem. Ein søkjar kan ikkje bli medlem utan at økonomiske plikter til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF er gjort opp.

(2) Medlemskap kan nektast ved særlege høve. Idrettslaget si avgjerd kan klagast til idrettskretsen. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Idrettskretsen si avgjerd kan klagast til Idrettsstyret innan 3 veker etter at rekommendert melding er motteken.

(3) Medlemskap i idrettslaget er først gyldig og vert rekna frå den dag første kontingen er betalt.

(4) Medlemen pliktar å rette seg etter NIF, tilslutta organisasjonsledd og idrettslaget sitt regelverk og vedtak.

(5) Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er motteken.

(6) Idrettslaget kan ta medlemskap frå medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingen for to år taper automatisk sitt medlemskap i idrettslaget og skal strykast frå idrettslaget si medlemsliste. Medlem som har tapt sin medlemskap kan ikkje takast opp att før skuldig kontingen er betalt.

(7) Idrettslaget skal føre medlemslister.

(8) Idrettslaget pliktar å føre elektroniske medlemslister i idretten sitt nasjonale medlemsregister i tråd med forskrift gitt av Idrettsstyret.⁵

§ 4 Medlemskontingen og avgifter

Medlemskontingenen vert fastsett av årsmøtet. Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i idrettslaget sine aktivitetstilbod.

⁵ Ordninga trer først i kraft når Idrettsstyret bestemmer det.

II. TILLITSVALDE OG TILSETTE

§ 5 Kjønnsfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av representantar til årsmøte/ting, samt medlemer til styre, råd og utval mv. i idrettslaget, skal det veljast personar frå begge kjønn.
- (2) Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det skal vere minst to personar frå kvart kjønn der det vert valt eller oppnemnt meir enn 3 personar. Der det blir valt eller oppnemnt 3 personar eller færre, skal begge kjønn vere representert. Representant for dei tilsette tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.
- (3) Idrettskretsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen.
- (4) Idrettsstyret kan gi forskrift om nærare vilkår for dispensasjon og konsekvensane av manglande oppfylling av regelen.⁶

§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett m.v.

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, ha vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava⁷. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt.
- (2) Ein arbeidstakar i idrettslaget har ikkje stemmerett på idrettslaget sitt ordinære eller ekstraordinære årsmøte. Dette gjeld ikkje for spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i idrettslaget.
- (3) Ein person kan ikkje samtidig ha meir enn eit av følgjande verv i idrettslaget: medlem av styret, valkomitéen, kontrollkomitéen, lovutvalet , revisor.
- (4) Ein person kan ikkje ha tillitsverv knytt til same idrett i fleire idrettslag som deltek i same konkurranse.
- (5) Engasjert revisor har talerett på ordinært og ekstraordinært årsmøte i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
- (6) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på ordinært og ekstraordinært årsmøte i idrettslaget.
- (7) Med forslagsrett er meint retten for medlem til å fremje forslag til idrettslaget sitt årsmøte og til å fremje forslag under årsmøtet.

⁶ Sjå forskrift til NIF-lova § 2-4.

⁷ Til dømes skuldig kontingent.

§ 7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

- (1) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast til verv i laget eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får tilsetjing i idrettslaget pliktar å gå ut av tillitsvervet, og går inn att i vervet når tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller møte i overordna organisasjonsledd.
- (3) Første og andre ledd gjeld ikkje for arbeidstakar som er spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i idrettslaget.
- (4) Regelen skal brukast tilsvarende på person som har oppdragsavtale som i omfang kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve i idrettslaget.
- (5) Denne regelen er ikkje til hinder for at idrettslaget gir dei tilsette rett til å peike ut ein eller fleire medlemer mellom dei tilsette til idrettslaget sitt styre.
- (6) Idrettskretsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gi dispensasjon.
- (7) Idrettsstyret kan gi forskrift om nærmere vilkår for dispensasjon.⁸

§ 8 Vilkår for val, og representasjonsrett for andre personar med tilknyting til idrettslaget

- (1) Ein person som har avtale med idrettslaget som gir vedkomande økonomisk interesse i drifta av idrettslaget, kan ikkje veljast til verv innan idrettslaget eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett i eller aksjonær med vesentleg påverknad i ein juridisk person med økonomisk interesse i drifta av idrettslaget. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av idrettslaget. Tillitsvald som får slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet, og går inn att når tilhøvet er avslutta.
- (2) Person som etter første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller møte i overordna organisasjonsledd.
- (3) Idrettskretsen kan når det ligg føre særlege tilhøve gi dispensasjon.
- (4) Idrettsstyret kan gi forskrift om nærmere vilkår for dispensasjon.⁹

⁸ Sjå forskrift til NIF-lova §§ 2-6 og 2-7

⁹ Sjå forskrift til NIF-lova §§ 2-6 og 2-7.

§ 9 Inabilitet

(1) Ein tillitsvald, oppnemnd representant eller tilsett i idrettslaget er inhabil til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:

- a) når vedkomande sjølv er part i saka.
- b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i oppstigande eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsknen.
- c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part.
- d) når vedkomande er leiar for eller har leiande stilling i eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.

(2) Sameleis er vedkomande inhabil når andre særeigne tilhøve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gi særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknyting til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.

(3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettslaget.

(4) Inabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalde, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknyting til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.

(5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.

(6) I styret, komitear og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Dersom det i ei og same sak kjem opp spørsmål om inabilitet for fleire medlemer, kan ingen av dei delta i avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemer delta. Medlemen skal i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, kallast inn til å møte og delta i avgjerda, dersom det kan gjerast utan vesentleg bruk av ekstra tid eller kostnad.

(7) Ved andre høve tek vedkomande sjølv avgjerda om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det, og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv legge fram spørsmålet for sin nærmeste overordna til avgjerd.

(8) Regelen gjeld ikkje på årsmøtet i idrettslaget.

§ 10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

(1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitear og utval i idrettslaget vedtaksføre når eit fleirtal av medlemene er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

(2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming¹⁰ eller ved fjernmøte¹¹. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopian av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemer med forslag til vedtak. Gyldige vedtak krev at fleirtalet av medlemene gir sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høre og kommunisere med kvarandre.

(3) Det skal først protokoll frå styremøta.

§ 11 Tillitsvalde og refusjon av utgifter og tapt arbeidsforteneste. Godtgjersle

Tillitsvalde kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tap av arbeidsforteneste, som vedkomande får i samband med utføring av vervet. Tillitsvalde kan ta i mot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt. Refusjon av tapt arbeidsforteneste og godtgjersle skal gå fram av vedteke budsjett og rekneskap. Styrehonorar skal kome fram i årsmeldinga.

III. ØKONOMI

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett m.v.

(1) Idrettslaget er rekneskaps- og revisjonspliktig.

(2) Idrettslag med årleg omsetnad på under kr 5 millionar skal følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar. Andre idrettslag skal følgje rekneskapsreglane i rekneskapslova og revisjonsreglane i revisorlova, og skal engasjere revisor og velje kontrollkomité. Kontrollkomiteen sine oppgåver følgjer av NIF-lova § 2-12.

(3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

(4) På årsmøtet skal det fastsetjast budsjett som inneholder alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Rekneskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelingar, skal også omfatte rekneskapa og budsjetta for gruppene/avdelingane, og skal følgje oppsettet i Norsk Standard kontoplan.

(5) Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital.

¹⁰ Til dømes møte per e-post

¹¹ Til dømes møte per telefon/videokonferanse

(6) Idrettslaget kan ikkje gi lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjøret.

(7) Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik og verksemd, også låneopptak, skal vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

IV. ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL MV.

§ 13 Årsmøtet

(1) Årsmøtet er idrettslaget sitt høgste styringsorgan, og skal haldast kvart år i april¹² månad.

(2) Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand, direkte til medlemene, eventuelt på annan forsvarleg måte og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettseite. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på internett eller på annan forsvarleg måte. Forslag som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag må vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veka før årsmøtet.

(3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.

(4) Alle medlemene i idrettslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemer.

(5) Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemer med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemer vedteke i idrettslaget si lov. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det innkallast til årsmøte på nytt utan krav om minimumsdeltaking.

(6) På årsmøtet kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på utsend/kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.

§ 14 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av vald(e) dirigent(ar). Dirigenten(-ane) treng ikkje vere medlem av idrettslaget.

¹² Idrettslaget må halde årsmøte for handsaming av rekneskap for året før innan utgangen av juni det etterfølgjande år.

§ 15 Årsmøtet sine oppgåver

(1) Årsmøtet skal¹³:

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtere glane
3. Velje dirigent(ar), referent(ar)¹⁴ og 2 medlemer til å skrive under protokollen
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, irekna eventuelle gruppeårsmeldingar
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
6. Handsame forslag og saker¹⁵
7. Fastsetje medlemskontingenenten
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett
9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan¹⁶
10. Gjere følgjande val:¹⁷
 - a) Leiar og nestleiar
 - b) Kasserar 1. styremedlem ansvarleg for møtebøkar og arkiv¹⁸ og ... 2 .. varamedlem
 - c) Andre val i høve til organisasjonsplan vedteken av årsmøtet, jf. pkt. 9.
 - d) 2 revisorar¹⁹
 - e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonane som idrettslaget har representasjonsrett
 - f) Valkomité med leiar og 2 medlemer og 1 varamedlem for neste årsmøte.

(2) Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene til styret skal veljast samla. Deretter skal varamedlemene veljast samla, og ved skriftleg val vert rekjkjefølgja avgjord i høve til stemmetala.

(3) Valkomiteen skal veljast på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret.

§ 16 Stemmegjeving på årsmøtet

¹³ Dersom saklista ikkje vert fullført, kan det kallast inn til framhaldande årsmøte. Slik innkalling skjer på tilsvarende måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjend av årsmøtet.

Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjend sakliste for årsmøtet.

¹⁴ Verken dirigent eller referent må vere medlem i idrettslaget, sjå også § 14.

¹⁵ Forslag i saklista samt eventuelle forslag som årsmøtet, ved godkjenning av saklista, har vedteke å handsame etter eit vedtak av 2/3 av dei med stemmerett på årsmøtet.

¹⁶ Organisasjonsplanen skal regulere den interne organiseringa og aktiviteten i idrettslaget.

¹⁷ Dette er minimum av dei tillitspersonar som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitspersonar det er behov for.

¹⁸ Tal styremedlemer og varamedlemer må fyllast ut ved vedtak av lova, minimum 1 styremedlem og 1 varamedlem. Styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver.

¹⁹ Idrettslag med årleg omsetnad på meir enn kr 5 millionar pliktar å ha engasjert revisor, jf. NIF-lova § 2-11, og må ta inn følgjande som nytt punkt 10 i § 15: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sin rekneskap.» Punkt 10 må forskyvast til nytt punkt 11 og punkt 11 (før punkt 10) bokstav d) endrast til: «Kontrollkomité med 2 medlemer og 2 varamedlemer».

(1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.

(2) Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eit framlegg, eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.

(3) Når eit val vert halde enkeltvis, og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.

(4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valde. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlemer. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er dei valde som har fått meir enn halvparten av stemmene. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

(5) For å vere gyldig må val vere gjennomført i samsvar med NIF-lova §§ 5 til 8.

§ 17 Ekstraordinært årsmøte

(1) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget vert innkalla av idrettslaget sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:

- a) Vedtak på årsmøtet i idrettslaget
- b) Vedtak i styret i idrettslaget
- c) Vedtak av styret i overordna organisasjonsledd
- d) Skriftleg krav frå 1/3 av dei medlemene i idrettslaget som har stemmerett.

(2) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla direkte til medlemene, eventuelt på annan forsvarleg måte, medrekna ved kunngjering i pressa, eller på idrettslaget si internettleide. Sakliste og nødvendige saksdokument skal følgje innkallinga. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på internett eller på annan forsvarleg måte.

(3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemer med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemer vedteke i idrettslaget si lov. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det innkallast til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.

(4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av årsmøtet.

§ 18 Idrettslaget sitt styre

(1) Idrettslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrettslaget sitt høgste styringsorgan²⁰ mellom årsmøta.

(2) Styret skal:²¹

- a) Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak
- b) Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller av overordna organisasjonsledd. Styret skal vidare sjå til at idrettslaget har tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har forsvarleg økonomistyring
- c) Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse
- d) Representere idrettslaget utetter
- e) Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga.²²

(3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

§ 19 Grupper/avdelingar/komitear

(1) Valkomiteen skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle tillitsverv som skal veljast på årsmøtet, med unntak av valkomité. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomiteen.

(2) Idrettslaget kan organiserast med grupper og/eller avdelingar. Idrettslaget sitt årsmøte tek avgjerd om opprettning av grupper/avdelingar, og korleis desse skal organiserast og leiast. Avgjerd om dette vert gjort i tilknyting til årleg handsaming av idrettslaget sin organisasjonsplan, jf. § 15 (1) pkt. 9.

(3) Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtaler eller representere idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret, jf. § 18.

²⁰ Dersom laget har fleire grupperstyre, er det berre idrettslaget sitt hovudstyre som leier og forpliktar laget. Denne høgste avgjerdsmakta kan ikkje, verken heilt eller delvis, delegerast til andre organ/personar innan laget. Dette tilseier mellom anna at det berre er idrettslaget sitt hovudstyre (der laget har grupper/avdelingar med eigne styre) som kan tilsetje personar, gjere marknadsavtalar, eventuelt andre avtalar som forpliktar idrettslaget juridisk.

²¹ Dette er eit minimum av kva for oppgåver som skal leggjast til styret. Idrettslaget står fritt til å leggje til andre styreoppgåver her.

²² Ansvarleg for ordninga med politiattest er påkravd for alle idrettslag som organiserer aktivitet for mindreårige og/eller menneske med nedsett funksjonsevne.

V. ANDRE REGLAR

§ 20 Allmenne disciplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker.

For allmenne disciplinærtiltak, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker gjeld NIF-lova kapittel 11 og 12.

§ 21 Lovendring

(1) Endringar i denne lova kan berre vedtakast av ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettslaget etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.

(2) Lovendringar som følge av endringar i NIF-lova, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettslaget sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjende av idrettskretsen. Godkjenninga er avgrensa til dei reglane som NIF-lova omfattar.

(3) I samband med godkjenninga kan idrettskretsen pålegge nødvendig endring for å unngå motstrid med NIF sitt regelverk.

(4) Endring i §§ 21 og 22 kan ikkje vedtakast av idrettslaget sjølv.

§ 22 Opplysing - Samanslåing - Konkurs

(1) Forslag om oppløysing av idrettslaget må først handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.

(2) Samanslåing med andre idrettslag vert ikkje rekna som oppløysing av laget.²³ Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar knytt til dette skal gjerast i samsvar med vedtekten om lovendring, jf. § 21.

(3) I fall oppløysing eller anna avbrot av idrettslaget går idrettslaget sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskretsen. Melding om at idrettslaget skal oppløysast, skal sendast til idrettskretsen 14 dagar før idrettslaget held ordinært årsmøte for handsaming av saka.

(4) Ved konkurs vert organisasjonsleddet rekna som oppløyst når konkurs er avslutta og det misser såleis medlemskapen i NIF.

²³ Ved samanslåing skal eldste skipingsdato og klubbnr. for dette idrettslaget nyttast.

HØYDALSMO I.L.

10.04.2012

BUDSJETT	Budsjett 2012	Resultat 2011
DRIFTSINNTEKTER-NETTO		
Medlemskontingentar	30000	29500
Sponsorar	100000	85000
COC-2012	75000	88500
Dugnad, Dyrsku'n m.v.	30000	155500
Offentlege tilskot	50000	57000
Grasrotandelen	40000	38500
Kompensasjon- MVA	30000	32000
Sum driftsinntekter	355000	486000
Kostnader-gruppene, netto		
Styret	65000	61500
Skigruppa	50000	92000
Fotballgruppa	50000	-9000
Anleggsgruppa	75000	150000
Orientering	10000	8000
Trimgruppa	15000	20000
Utøvarstøtte	40000	34000
SUM driftskostnader	305000	356500
Driftsresultat	50000	129500
Finansresultat	-25000	-27000
ÅRETS RESULTAT	25000	102500



Årsmelding 2010

1. Om huka hoppdrift.

Føremålet til selskapet er å drive Huka hoppanlegg i Høydalsmo som eit regionalt hoppanlegg for øvre Telemark. Selskapet skal vera ein pådrivar i arbeidet for å fremje hoppinteressa i regionen, og å utvikle talent og etablerte løparar i alle idrottslag i distriktet. Dette skal fyrst og fremst skje gjennom å tilby lag og løparar eit moderne hoppanlegg med ulike bakketyper klar for drift gjennom sesongen. Selskapet skal samarbeide med idrottslaga og medverke til at kompetanse som selskapet sit inne med kjem desse til gode. Det skal og fremje samarbeid mellom idrottslaga til beste for hoppsporten i regionen.

Selskapet har for tida ingen tilsette, men har noko innleige av arbeidskraft på timebasis. Styret er ansvarleg for dagleg drift.

Det er ikkje teikna nye lutar dette året. Det er dei same luteigarane som har vore med i frå oppstarten av selskapet.

2. Styret:

Styret i 2010, har bestått av:

Styreleiar Signe Bjørg Krog, nestleiar Anny Grave, styremedlemmar: Tor Anders Solberg, Karel Krog og Halvor Grønlid. Varamedlemmar: Tarjei Haugo Torgersen og Hermann Betten. Styret har hatt 5 styremøter og har behandla 29 saker. I tillegg har det vore 1 ekstraordinær generalforsamling.

3. Drift og vedlikehald

Snoproduksjonsanlegget vart ferdigstilt på hausten og 17 oktober var fyrste snokjøring i gang. Men grunna mangel på belte til trakkemaskina gjekk tida fram til desember før maskina hadde fått nye belte. Huka ba måtte låne til desse kr. 300.000,- Av den grunn vart me ikkje tidleg nok ute og snoen kom i andre delar av landet, så trykket vart ikkje så stort som forventa. Det har og vore bytta ein del dyser slik at dei no fungerar optimalt. Gunne Breiland har vore leid inn til brøyting. Tor Anders Solberg har utført det meste av preparingsarbeidet på dugnadsbasis. Med seg i produksjonen av sno har Odd Tore Hommen, Halvor Grønlid og Karel Krog m.fl. vore med. Prepareringsarbeidet krev god opplæring og erfaring. Særskild køyring av prepareringsmaskina krev lang opplæringstid. Solberg mottek ingen godtgjering for arbeidet. Ein legg i staden vekt på kaupe inn utstyr og hjelpemidlar som kan lette arbeidet. I år er det kaupt inn ein 6 hjuling. Styret har vore oppteken av at ein må finne fleire å spele på i prepareringsarbeidet. Sondre Breiland har kjørt litt i småbakkane, og løypa nokre gonger. Framleis fell arbeidet i stor mengde på Tor Anders og nokre få han tek med seg i arbeidet. Huka hoppdrift har ansvar for å halde bakken oppe igjennom sesongen. Men, arrangør har ansvar for å skaffe mannskap til sine arrangement. I forkant av arrangement kjem det på mykje arbeid for det faste prepareringsmannskapet, andre

i styret og dei ein dreg med seg. Det fungerte godt under COC-rennet. Dugnadslister vart sendt ut på førehand, og mannskap var med opptil ei veke før rennet. Toalettet er flytt under taket på kiosken.

4. Aktivitet i anlegget

Ein la til rette for faste treningskveldar for barn og gubbehopparar kvar onsdag gjennom heile sesongen. Halvor Grønlid, Tor Anders Solberg og Svein Vinjerui har vore trenarar og rettleiar i bakken. Huka arrangerte Telenorkarusellen tre kveldar i februar/mars. Ein arrangerte då kombinertcross. Her vert både hoppbakkar og sprintlangrennsløype nytta. Tilsaman var det 15 stk med i alderen 3- 40 år på karusellen. Ein avslutta med ein kveld med premieutdeling og pølsefest. Hoppstyr har vore til utlån. Hopparar frå HIL Vinje IL, Morgedal IL, og Kviteseid IL m.fl har besøkt småbakkane til trening. Det har også vore hoppsamling i storbakken og småkkane for hopparar frå Sørlandshopp, Sauda og Voss i år som i fjar. Det vart arrangert COC i 6.- 7. mars. Ingen av dei unge hopparane har teke spranget over i K-90 i 2010.

5. Utvikling av anlegget

Montering av armatur i ljosløypa og tilkopling vart sluttført hausten 2010. Anlegget vart då ferdigstilt og dette vart feira med ein dugnadsfest der dugnadsfolka møtte opp og fekk servera grilla laks m tilbehør etter ein lang dugnadsperiode. For denne gong er anleggskomiteen i HIL ferdig med prosjekt snoproduksjonsanlegg og ljosløype. Ein stor takk til alle som har vore med å hjelpt.

Hoppsporten treng sårt ein K-60 for å styrke rekrutteringsarbeidet. Styret vonar at Høydalsmo IL vil legge denne inn på planen i neste byggetrinn.

På sporvogn K 90 gjenstår det fortsatt litt arbeid. Det er kjøpt inn fjernstyring til eksisterande preppevogn i tilløpet på K 90 pga tryggleiken. Denne kan ein overføre til den nye sporvogna. Fresen på den nye vogna er ferdig og montert på den gamle for å lage betre spor i isen.

6. Økonomi

Årsrekneskapen for 2010 syner eit driftsunderskot på kr. -15744,- Overskot i 2009(kr. 51346,-).

Inntekter kjem frå:

tilskot frå Tokke kommune: kr. 50.000

tilskot frå Telemark Fylkeskommune: kr. 50.000

Tilskot fra Vinje kommune: kr. 10.000

sponsorinntekter: kr.74.000,- (116.000) (Tal frå 2009 i parentes)

treningsavgift kr. 4055 (5400) og

leigeinntekter: kr 2.200 (0)

Dei viktigaste driftsutgiftene har vore: Lønsutgifter : 15.200,- (21.301)

Bensin,diesel,produksjon: 34.434(13.920)

Straum : 34.003 (18.991)

Leige grunn: 2.060 (2.360)

Div investeringer: 0 - (19.599) (6 hjuling bet i 2011)

Rekvista: 11.172 (13197)

Rekneskap: 8.963 (4.937) Nytt revisjon 2010.

Brøytning/preparering: 6.300 (12.225)

Forsikringspremie: 28.471 (24.776)

Repr og vedlikehald: 15.287 (3384)

Kontor, porto div: 1750 (3140)

Driftsutgiftene er høgare enn året før. Straumen og forsikringspremien har auka pga bruk av snoproduksjonsanlegget. Det er bytt olje på heile trakkemaskina.

Tokke Kommune og Telemark Fylkeskommune gjev årleg driftstilskot til selskapet med kr. 50.000,- kvar. Det må vera eit mål å få dei andre kommunane i regionen også til å bidra med varige driftstilskott. Ein har opplevd eit svært velvillig næringsliv. Ein har utvikla eit konsept med sponsoravtalar, henholdsvis bronse-, sølv- og gullsponsor, der sponsorane teiknar treårige avtaler. Sponsorar i 2010 har vore: VTK, Bjarne Lofthus, Dalen Mekaniske, Høydalsmo servicesenter , Funnemark, Paroc, Statkraft og Bondal Motor og Haugo og Draugedal maskin a.s Styret er svært takksame for velviljen ein har møtt. Ein prøvar på ulike vis å synleggjere sponsorane sine interesser gjennom arenareklame, invitasjonar til arrangement og logoreklame på heimesida til Huka under domenet www.hoydalsmo.no m.m. Arbeidet med å skaffe sponsorar er eit kontinuerleg arbeid som pågår. Fleire avtalar gjekk ut tidleg i 2010 og nokre av desse har takka nei til nye. Styret må arbeide aktivt med å reforhandle sponsoravtaler.

7. Internkontroll

Huka hoppdrift ba har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljø. Diesel vert forvarleg oppbevart i godkjent dieseltank.

Skitau vart godkjent av Veritas i år. Neste inspeksjon er i 2012. Svein A. Vinjerui er godkjent som driftsleiar for skitrekket. Det er internkontrollhandbok tilhøyrande skitrekket.

Styret tok til i 2009 å arbeide med mål og retningslinjer for HMS i selskapet. Styret har gjennomført risikovurdering og laga handlingsplan. Dette skal ein gjere årleg eller når det er trøng for det. Det er utarbeida instruks for utelege av tribune og heisinstruks.

Selskapet har teikna yrkesskadeforsikring, slik at dei som utfører arbeid på oppdrag av styret er rettmessig sikra om det skulle finne stad skadar i samband med arbeidet.

8. Framtid/Strategi

- Styret har tru på vekst og utvikling knytt til anlegget. Dei siste åra har anlegget endra seg til å bli eit anlegg for fleire skisportaktivitetar. Med langrennsløype har også kombinertsporten fått ein fantastisk fin arena. Dette vil ha ringverknadar for skiinteressa generelt i regionen. Med snoproduksjonsanlegg på plass vil me vera i sentrum for hopp og kombinert tidlegare på sesongen enn nokon andre. Det vil også gje auka inntekter. HIL held fram å vera arrangør av COC framover. Det gjer at

ein kan utvikle seg å verte dugande på ei type arrangement. Nasjonale og internasjonale renn gjer også at ein stadig må oppretthalde fokus mot forbetring av anlegget. Ein har tru på at eit godt samarbeid med HIL, vil føre oss framover med utbyggingsplanane for anlegget. Det er viktig med ein god dialog mellom eigar og driftar. Dette kan opplevast som ei utfordring i mange høve der driftselskapet ønskjer meir utbygging og i eit raskare tempo enn eigar. Opprettninga av ein anleggskomite har vore vellukka. Her er både driftar, eigar og anleggskompetanse samla. Når huka hoppdrift har bakkesjef som er representant i arrangementskomite, er dette eit anna døme på gode samarbeidsmodellar. Det er også viktig at vårt arbeid med å ruste opp og lage planar for anlegget ikkje går på bekostning av godt rekrutteringsarbeid. Innsatsen for å rekruttere og utvikle hopparar frå dei andre idrottslaga i regionen må styrkast. Styret bør arbeide aktivt framover med å trekke til seg fleire interesserte og ha fokus mot kompetanseutvikling i barne- og ungdomsidretten. Det vart teke eit initiativ overfor idrottslaga i regionen i 2010, der ein bad om at laga drøftar og diskuterer korleis dei kan arbeide for auka interesse for hopp og kombinert. Her skal huka hoppdrift vera på tilbodssida. Det er ikkje i tråd med føremålet at Tokke kommune og lokalt næringsliv skal stå for hovudtyngda av inntektene til Huka hoppdrift aleine. Anlegget må få ei større regional oppslutning. Styret takkar alle som har bidrige med hjelp, i form av tilskot-støtte, utlån av maskiner og alle dei som har stilt opp på dugnad.

Høydalsmo 31.05.11

Signe Bjørg Krog

Signe Bjørg Krog, styreleiar

Anny Grave

Anny Grave, nestleiar

Karel Krog

Karel Krog, styremedlem

Tor Anders Solberg

Tor Anders Solberg, styremedlem

Halvor Grønlid

Halvor Grønlid
styremedlem

**Årsmelding
og årsrekneskap
for
Huka Hopdrift BA
2010**

Resultatrekneskap

Huka Hoppdrift BA

	Note	2010	2009
DRIFTSINNTEKTER			
Salgsinntekt		188 055	371 400
Anna driftsinntekt		2 200	0
Sum driftsinntekter		190 255	371 400
DRIFTSKOSTNADER			
Lønnskostnad	2	15 200	21 301
Avskrivning varige driftsmidler	3	41 986	23 520
Annan driftskostnad		148 968	275 718
Sum driftskostnader		206 154	320 539
DRIFTSRESULTAT		-15 899	50 861
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Anna renteinntekt		155	485
Sum finansinntekt		155	485
Sum finanspostar		155	485
Ordinært resultat før skattekostnad		-15 744	51 346
Ordinært resultat		-15 744	51 346
ÅRSRESULTAT		-15 744	51 346
DISPONERING AV ÅRSRESULTAT			
Overført annan eigenkapital	5	-15 744	51 346
Sum disponert		-15 744	51 346

Balanse**Huka Hoppdrift BA**

	Note	2010	2009
EIGEDELAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Immaterielle eigedelar			
Varige driftsmidlar			
Maskiner og anlegg	3	423 636	77 438
Driftslausøre, inventar, verktøy o.l.	3	46 781	65 650
Sum varige driftsmidlar		470 417	143 088
Finansielle anleggsmidlar			
Sum anleggsmidlar		470 417	143 088
OMLØPSMIDLAR			
Fordringar			
Kundefordringar		650	0
Andre fordringar		144	0
Sum fordringar		794	0
Investeringar			
Bankinnskot, kontantar o.l.		146 839	197 289
Sum omløpsmidlar		147 633	197 289
SUM EIGEDELAR		618 050	340 376

Balanse

Huka Hoppdrift BA

	Note	2010	2009
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital aksjar à kr	4	101 000	101 000
Sum innskoten eigenkapital		101 000	101 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	5	223 632	239 376
Sum oppent eigenkapital		223 632	239 376
Sum eigenkapital		324 632	340 376
Avsetning for forpliktelsar			
Anna langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		293 418	0
Sum kortsiktig gjeld		293 418	0
Sum gjeld		293 418	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		618 050	340 376

Høydalsmo,
Styret for Huka Hoppdrift BA

Signe Bjørg Krog
Signe Bjørg Krog
Styrelseiar

Anny Grave
Anny Grave
Nestleiar

Karel Korg
Karel Korg
Styremedlem

Tor Anders Solberg
Tor Anders Solberg
Styremedlem

Halvor Grønlid
Halvor Grønlid
Styremedlem

HUKA HOPPDRIFT BA

Org. Nr. 985 181 349

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2010

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.
Selskapet har ikke foretekje endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.

Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til varabel tilvirkningskost.

Råvarer og innkjøpte varer for vidaresal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Skattar

Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endringar i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Leasing

Avtalane gjelder operasjonell leasing, og leigebetalingane vert ført som driftskostnader fordela systematisk over leigeperioden.

Note 2 - Lønnskostnader, ytingar/ godtgjersle til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnaden for to siste år består av følgjande.

	2010	2009
Lønningar	15 200	21 301
Arbeidsgjevaravgift		
Pensjonskostnader		
Andre lønnskostnader		
Sum lønnskostnader	15 200	21 301
Gjennomsnittleg antall årsverk		

Godtgjersle	Dagleg leiar	Styret
Lønn	-	-
Pensjonsforpliktsar	-	-
Anna godtgjersle	-	-

Obligatorisk tenestepensjon

Foretaket kjem ikke unn under reglante i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Revisor

Det er i rekneskapsåret kostnadsført følgjande honorar til selskapets revisor.

Revisjonshonorar inkl. Mva med kr.	2 500
Herav anna bistand med kr.	1 000

Note 3 - Varige driftsmidlar

	Maskin/ inventar	Skiløype	Snø - scooter	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	107 670	34 938	51 250	193 858
Årets tilgang	369 316			369 316
Årets avgang til anskaffelseskost				-
Anskaffelseskost 31.12.	476 986	34 938	51 250	563 174
Akkumulerte av-/nedskrivningar 31.12.	64 006	-	28 750	92 756
Bokført verdi pr 31.12.	412 980	34 938	22 500	470 418
Årets avskriving	31 736	-	10 250	41 986
Årets nedskrivningar				
Årets avskriving i %	10 - 20%	0 %	20 %	
Økonomisk levetid	5 - 10 år		5 år	
Avskrivningsplan	Linær		Linær	

Note 4 - Selskapskapitalen

Selskapskapitalen er innbetalt av følgjande:

Navn	Kapitalinnskott
Vinje IL	10 000
Glosmyr	1 000
H. Bratland	2 000
Morgedal IL	3 000
B. Nygård	1 000
Kviteseid IL	20 000
Halvor Lognvik	1 000
Åmdal IL	3 000
Odd Skiklubb	1 000
Dyre Vaa	10 000
Flatdal IL	5 000
Vrådal IL	5 000
Ofte Gundersen AS	1 000
Høydalsmo Landhandel	1 000
Høydalsmo IL	35 000
Tarjei Grønlid	1 000
J.E. Nordskog	1 000
Sum	101 000

Note 5 - Eigenkapital

	Selskaps - kapital	Overkurs-fond	Fond for vurd.forsk.	Annен eigenkap.	Sum eigenkap.
Pr. 31.12.2009	101 000			239 376	340 376
Årets resultat				-15 744	-15 744
Til utbytte					0
Eigenkapital pr 31.12.2010	101 000	0	0	223 632	324 632



Referat ordinær generalforsamling i Huka hoppdrift ba

tirsdag 31.05.11 kl 19.00 i Huka hoppanlegg, tribune.

Desse møtte: Signe Bjørg Krog, Tor Anders Solberg, Halvor Grønlid, Sverre Bakke, Anny Grave, Jarle Solbu, Tarjei Haugo Torgersen, Svein Wennersteen og Halvor Lognvik.

Dagsorden.

1: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen. Signe Bjørg Krog vart valt som møteleiar, Halvor Lognvik som referent og Halvor Grønlid og Jarle Solbu vart valt til å skrive under protokollen.

2: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Ingen merknader

3: Godkjenning av rekneskapen for 2010

Eigedelar	470417	Aksjekapital:	101000
Fordringar	794	Lån (korts):	293418 (Belte trakkemaskin)
Kontanter	146839		
Totalt EK	618050		

Rekneskapen vart godkjent med på underskot kr. 15744

4. Årsmelding for 2010 ; Signe Bjørg gjekk gjennom årsmelding. 17 okt. var fyrste snokøyring. Problem med belte til trakkemaskin, måtte kjøpe nye. Stor dugnadsinnsats gjennom året. COC bra avvikla. Mykje aktivitet i bakken . Mykje dugnad på snoanlegg, ljos og løype.

Sverre Bakke og Halvor Lognvik uttrykte stor beundring for innsatsen som gjerast kontinuerleg. Sverre etterlyste budsjett. Elles diskutera vi utvikling og meir driftsmidlar til Huka ba. Årsmelding godkjent.

5. Inndekning av underskot for 2010 blir bokført mot eigenkapital.

Huka hoppdrift ba

Telefon 900 10 867

3891 HØYDALSMO

Bank: 1604.04.60350

6: Val av styremedlemmar, varamenn og styreleiar. Valnemnda ved Jarle la fram eiga liste. Vedlagt referat. I fylgje vedtekten skal HIL ha eit fast medlem med personleg vara.

Forslag: Tarjei Haugo Torgersen med Sverre Bakke som personleg vara.

Valet vert soleis: Signe Bjørg Krog, ikkje på val ,attval som leiar, Anny Grave n. leiar , ikkje på val, Karel Krog styresmedlem valt for 2 år, Tor Anders Solberg, styresmedlem valt for 2 år, 1. vara Svein Wennersteen valt for 1 år , 2 vara Hermann Betten ikkje på val. ~~1 år~~.

Styrets 5 medlemmer blir fast styre medan 1 vara møter fast. Styrets varamedlemmar får papira for kvart styresmøte og møter ved innkalling ved leiar.

Styret ser på vedtekten og legg fram sak om justering av desse til neste generalforsamling.

7: Val av valnemnd: Toralf Grave 1 år, leiar

Olav Nordskog 1 år (attval)

Gunnar Ofte valt for 3 år

8: Fastsetjing av godtgjersle til revisor.

Leiar sender melding til Brønnøysund med tanke på å sleppe revisorkostnad så lenge omsetninga er så liten.



Jarle Solbu



Halvor Grønlid

Huka hoppdrift ba

3891 HØYDALSMO

Telefon 900 10 867

Bank: 1604.04.60350

30.05.2011

Innstilling til val av styre i Huka Hoppdrift b.a.

Leiar:	Signe Bjørg Krog	1 år
Nestleiar/sekretær:	Anny Grave	1 år
Styremedlem:	Karel Krog	1 år
Styremedlem:	Svein Wennersteen	2 år
Styremedlem:	Tor Anders Solberg	2 år
1. varamedlem:	Tarjei Haugo Torgersen	<i>FAST MED I SVERIGE BÅKKE SIM PERIODER OG VART</i>
2. varamedlem:	Hermann Betten	2 år
Valnemd:	Toralf Grave	1 år
	Olav Nordskog	1 år
	Gunnar Ofte	3 år
Revisor:	Revisorteam Vest Telemark v/ Vetle Olsnes	
	Godtgjering: ca. kr. 3500,-	

Høydalsmo 30.05.2011

For valnemnda: Jarle Solbu

Toralf Grave

Olav Nordskog



Årsmøte

Styre

Trim

Kjøkken

Fotball

Ski

Drift


- Friidrett
- Trim
- Orientering

- Langrenn
- Hopp/kombine
- Rekruttering
- Telemark/alpin

- Løypekøyring
- Drift/
vedlikehald
- Maskiner og
anlegg




STYRET






FOTBALL



Trenerar og lagleierar




SKIGRUPPA






DRIFT





KJØKKEMKOMITÉ





TRIMGRUPPA

